

Senter for industriarkiv - SINDARK - prosjektskisse

Arbeidet for å etablere Senter for industriarkiv, SINDARK, har gått føre seg i fleire år og har solide vedtak i ryggen. Museumsplanen for Hordaland, Musea i samfunnet (2011), seier eksplisitt at SINDARK skal vera eitt av dei ti høgst prioriterte tiltaka i fylket. Samstundes er SINDARK tufta på Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum si satsing på innsamling, ordning og formidling av privatarkiv heilt frå starten i 1987 (Odda Lokalhistoriske Arkiv – OLA).

Senteret er eit ektefødt barn av NVIM og Odda kommune med Odda Energi AS som huseigar og investor. SINDARK starta for alvor som eit kommunalt prosjekt i 2013, og det treårige prosjektet varde i tre år. Eitt av bygga på nedlagte Odda smelteverk vart tilrettelagt for arkivdrifta til SINDARK, og prosjektet tok desse fasilitetane i bruk. Ei prosjektskisse (vedlagt) greier ut om dei gode og viktige resultatane av det kommunale prosjektet, som no har funksjon som forprosjekt.

Prosjektet NVIM startar i 2017 handlar om at SINDARK skal løftast inn i museet, og finna ei driftsform her. Prosjektet tek utgangspunkt i at SINDARK skal verta ein permanent institusjon med ei stødig drift. Ein vil måtta ha ei offentleg grunnfinansiering for at museet skal ha berekraftig økonomi til dette. Det er difor eit viktig arbeid i prosjektet å få på plass ei permanent finansiering. Det treårige prosjektet vil vera fullfinansiert med KUP-midlar, støtte frå Odda kommune og framhald av støtte frå Kulturdepartementet.



Foto: Terje Læg Reid

Bakgrunn

Arbeidet med å få SINDARK til å verta ein permanent institusjon er i tråd med fleire vesentlege offentlege planar. Hordaland fylkeskommune sin «Musea i samfunnet - regional plan for museum 2011-2015» seier:

I Noreg er det i liten grad bevart arkiv etter større industriverksemder og -miljø, og det er få institusjonar som har kapasitet og kompetanse til å bevare store industriarkiv. Det er grunnlag for eit nasjonalt senter for dette, og planen går inn for lokalisering i Odda.

«PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» seier om heilskapleg samfunnsdokumentasjon:

[Partnarane skal] samle inn og sikre arkiv som har stor kulturell, rettsleg, forskning- eller forvaltningsmessig verdi. [Dei skal og] utvikle tenlege løysingar for å bevare og formidle offentlege og private arkiv, og utvikle strategi for digital dokumentfangst.

Dei to siterte regionale planane plasserer SINDARK i arkivlandskapet i Hordaland, og senteret kan også ha nasjonale funksjonar. Det finst ikkje tilsvarande senter i Noreg, og industriarkiv vert destruert utan at dokumentert informasjon blir sikra. Å ta vare på arkiv etter nedlagde verksemder er avhengig av at Arkiverket, byarkiva og musea går inn og tar vare på arkiva. Erfaringa vår viser at musea gjer ein stor samfunnsmessig innsats på dette feltet. For verksemder (og lag og privatpersonar) i ein region er det mest naturleg å ta kontakt med «sitt» museum når det gjeld bevaring av arkiv, slik dei gjer når det til dømes gjeld foto og gjenstandar.

Etablering av SINDARK i Odda inneber ei betydeleg kompetanseheving innan arkivfaget lokalt og regionalt. NVIM ser at slik kompetanse kjem til stor nytte i dokumentasjonsprosjekt NVIM gjer på oppdrag for kraftselskap og industriverksemder over heile landet.

Det er viktig å vidareføra det gode samarbeidet NVIM har med andre arkivinstitusjonar i fylket, som Bergen byarkiv, Interkommunalt arkiv i Hordaland, Statsarkivet i Bergen, Kartverket og dei andre konsoliderte musea i Hordaland. Regionen Indre Hardanger treng ny kompetanse og nye kunnskapsarbeidsplassar.

Hordaland fylkeskommune har vist at dei tek SINDARK på alvor ved at NVIM vart teken inn i arbeidsgruppa for arkiv i samband med arbeidet med ny regional plan for kultur.



Skuff frå Odda smelteverk AS sitt teikningsarkiv

Foto: NVIM

Hovudoppgåver for SINDARK

Ut frå arbeidet som har vore gjort i forprosjektet, skal SINDARK ha desse hovudoppgåvene:

1. Å bli eit **kompetansesenter** for andre museum innan feltet industriarkiv. Prosjektlear skal arbeida for at SINDARK får eit særleg ansvar for kompetanse på bedriftsarkiv i Nettverk for industrimuseum. Verksemda skal vera vitskapleg og forskingsbasert, og arkiva ordna slik at produksjons- og arkiveringsprosessar blir godt dokumentert og forståelege for ettertida. Tilgjengeleggjering og formidling skal vera basert på digital teknologi gjennom ASTA og Arkivportalen. Etablering av SINDARK er avhengig av at institusjonen går inn som ein integrert del av det samordna privatarkivarbeidet i Noreg, og at det byggjer på den kompetansen som allereie er etablert ved NVIM på ordning og bevaring av industriarkiv. Kartlegging og gjennomgang av arkiv er ein naturleg del av NVIM sitt dokumentasjonsarbeid. (Sjå t.d.: <http://www.nvim.no/industri-staden-alvik>). Prosjektlear skal utarbeida planar for organisering, framtidig drift og finansiering av SINDARK. Industriarkiva er viktige for å visa utvikling og trendar i samfunnet frå fleire sider, ikkje berre frå offentleg sektor. Arkiv frå alle sektorane utfyller kvarandre som kjelder til eit heilskapleg bilete av historia og samtida. Vi erfarer òg at vidare drift bør opna for å yta arkivtenester ut over industriarkivfeltet. Regionen Indre Hardanger har ikkje andre arkivlokale enn SINDARK. Det er òg store utfordringar for bevaring av arkiv frå lag, organisasjonar og personar. SINDARK vil kunna tilby kompetanse og arkivtenester til regionen, inkludert andre museum.



Mottak av Hovland ullvarefabrikk sitt arkiv

Foto: NVIM

2. **Mottak, ordning, bevaring og formidling** av industriarkiv. Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) påpeikar at nasjonen bør gjera ein større innsats på arkivsidea når det gjeld store industribedrifter. Dette er gjentatt fleire gonger seinare, utan at konkrete tiltak er sett i gang. Utfordringa som er skissert i den 13 år gamle stortingsmeldinga står framleis. Vestlandet si sentrale rolle i norsk kraftproduksjon og industri, gjer SINDARK til eit nødvendig tiltak for å ta vare på denne viktige delen av industrihistoria. Store industriverksemder er ofte berebjelkane i lokalsamfunna og viktige arbeidsplassar for regionen sin. Dei har hatt stor innverknad på forskning, samt samfunns- og produksjonsutvikling i Noreg til beste for norsk økonomi. Dei har og opna opp for Noreg som leverandør av viktige produkt av høg kvalitet til verdsmarknaden. I dag er det store strukturendringar i industrien, og i omstillingssituasjonar står arkiv i særleg fare for å gå tapt. Med det kan vi missa vesentlege kjelder for norsk historie og industriutvikling. SINDARK har i dag ca. 2500 hyllemeter ledig plass til mottak av arkiv. Som i all NVIM si verksemd, er formidlingsdelen viktig også her. Det er heilt avgjerande at SINDARK har ei aktiv formidling, og vert ein synleg institusjon.

3. Tilby **arkivordning, digitalisering og oppbevaring/sikringstenester** til industriverksemder. SINDARK skal byggja opp digitale arkivtenester for industriverksemder på oppdrag. På sikt skal dette bli inntekstgjevande for senteret. Slike oppdrag kan vera alt frå ivaretaking av eldre arkiv frå verksemdene, til tenester knytt til aktive arkiv, formidling av arkivmateriale, digitale tenester, opplæring av tilsette i arkivmetode og -system. Ein del av dette vil vera opplæring og innarbeiding av elektroniske arkivsystem i den einskilde verksemda. Senteret vil opparbeida kompetanse på lagring og sikring av elektroniske arkiv. Dette vil gjerast både gjennom samarbeid med m.a. Bergen byarkiv, kursing, og også tilsetjing av kvalifisert arbeidskraft i prosjektstilling.

4. Arkivarbeid har vist seg viktig for **dokumentasjonsoppdrag** NVIM utfører for andre. SINDARK skal bli fast deltakar i dokumentasjonsoppdrag. Museet har aukande aktivitet på dette området, og jobbar konkret med sine nasjonale funksjonar gjennom slike prosjekt landet rundt. Å la SINDARK få ein funksjon i dette arbeidet, er ein vinn-vinn-situasjon. Det vil gjera museet i betre stand til å utføra oppdrag både raskt og kompetent, og dermed gje eit konkurransefortrinn. Og det vil styrkja SINDARK si verksemd fagleg og økonomisk, og gjera både SINDARK og museet som heilskap i betre stand til å utføra sitt samfunnsoppdrag.



Dokumentasjonsoppdrag Gamle Bjølvo

Foto: NVIM

Framdriftsplan

Dato	Nr. i hoved-oppg. for Sindark	Tema	Merknader
01.07.17-30.09.17	1	SINDARK vert avdeling av NVIM	Formalitetar, val/utnemning av PA, PL osv. Styresak
01.07.17-30.06.19	2	Arkivordning, digitaliseringstenester, sikring og lagring for verksemder	Søk, digitalisering og formidling «on demand» frå arkiv, kart/teikningar og fotosamlinga. Betalingsteneste
01.09.17-01.10.17	2	Avtale og mottak Boliden historiske arkiv	Har dårleg oppbevaring, må reddast
01.01.18-30.06.19	4	Delta i dokumentasjonsoppdrag NVIM utfører	Inntektspotensial
	1	Møter /konferansar i privatarkivnett Hordaland og nasjonalt	Stort sett årlege arrangement i april
01.01.18-30.06.19	3	Kompetanseheving	Kursing i ASTA for vidarekomne, opparbeida kompetanse på elektroniske arkiv
01.07.18-30.06.19	1	Utvikla SINDARK som kompetansesenter for museum innan industriarkiv	Jfr Plan for NVIM som tematisk ansvarsmuseum
01.07.17-30.06.18	2	Mottak, sikring og registrering i ASTA/Arkivportalen av industriarkiv	Går parallelt med øvrige punkt i framdriftsplanen. Inntektspotensial
01.05.19-30.06.19	1,2,3,4	Skriva sluttrapport	

Organisering

Prosjektet er organisert med denne prosjektgruppa:

Prosjektansvarleg: Knut Markhus, direktør NVIM
Prosjektleiar: Siri Jordal, leiar for dokumentasjonsavdelinga, NVIM
Mette Haraldsen, administrasjonsleiar NVIM
Turid O, arkivleiar Nå Odda kommune
Ekstern fagperson

Prosjektgruppa rapporterer til styret i NVIM.

Når det gjeld den vidare organiseringa av SINDARK, er det slått fast at institusjonen skal verta ein del av NVIM. Kulturdepartementet legg ei slik organisering til grunn i sitt tilskotsbrev for 2017. Dette er også styrehandsama i NVIM våren 2016, der administrasjonen føreslo å gjera SINDARK til eiga avdeling ved museet. Ved dette vil SINDARK ha ein naturleg og sentral plass i arbeidet ved museet, og avdelingsleiar for SINDARK vil gå inn i leiargruppa. Styret vedtok i sak 17/16: «Innan 30.9.2017 skal plan for finansiering, organisering og vidare drift vera på plass.»



The image shows a promotional graphic for SINDARK. On the left, there is a vertical logo for 'NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM' with the NVIM logo above it. The main text 'SINDARK' is in large, bold, black letters. Below it, the text 'Senter for industriarkiv' is written in a smaller font. To the right of the text is a photograph of a brick building at night, illuminated with blue lights, with a large industrial tank visible in the background.

- tek imot, ordnar og bevarer privatarkiv
- gjer arkiv tilgjengeleg for publikum
- gjennomfører dokumentasjonsprosjekt
- medverkar til forskning i arkivmaterialet
- utviklar og tilbyr digitale arkivtenester til næringslivet
- spesialist på industriarkiv

SINDARK er ein del av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
Kontaktinfo: siri@nvim.no - tlf. 53650050 - www.nvim.no

Skisse til faldar for SINDARK, NVIM

Budsjett med finansiering

Inntekter

	År 1	År 2	År 3
Kulturdepartementet	500 000	500 000	500 000
Hordaland fylkeskommune	400 000	400 000	400 000
Odda kommune	400 000	400 000	400 000
Eigeninntekter	150 000	150 000	150 000
Totalt	<u>1 450 000</u>	<u>1 450 000</u>	<u>1 450 000</u>

Utgifter

	År 1	År 2	År 3
Prosjektstilling – leiing/utvikling	700 000	700 000	700 000
Konsulent	50 000	50 000	50 000
Husleige	400 000	400 000	400 000
Reiser/konferansar	50 000	50 000	50 000
Administrasjon/IT	100 000	100 000	100 000
Marknadsføring	50 000	50 000	50 000
Straum/tlf/alarm	50 000	50 000	50 000
Diverse	50 000	50 000	50 000
Totalt	<u>1 450 000</u>	<u>1 450 000</u>	<u>1 450 000</u>

Tyssedal 29.5.2017